

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29, Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref.:
201603574-4

Dykkar brev av:
06.09.2017

Vår ref.:
17/00284-2 - 312 TS/IH

Dato:
20.10.2017

Utviding av Vartdal kraftverk – fråsegn frå Mørenett AS

Vi viser til brev frå dykk datert 06.09.2017 vedkomande søknad om utviding av Vartdal kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal.

Mørenett AS er områdekonsesjonær i Ørsta og har gjort ei vurdering av nettkapasiteten for auka innmating frå Vartdal kraftverk frå 0,4 MW i dag til 2,5 MW etter opprustinga av kraftverket. Beregningar viser at det ikkje er kapasitet i dagens nett til å ta i mot meir produksjon frå Vartdal kraftverk eller andre nye kraftverk i dette nettområdet. Det er ikkje kapasitet i 132/66 kV transformatoren i Haugen og det er heller ikkje kapasitet i 22 kV nettet.

Dersom Vartdal kraftverk skal auke effektproduksjon frå 0,4 MW til 2,5 MW saman med annan planlagd produksjon i området, må det gjerast ein del forsterkingar i nettet.

Mørenett AS er kjend med at Statens vegvesen har lyst ut nytt anbod for riksvegferjesambandet Festøya-Solavågen. Dersom det skal etablerast ladestasjonar for elektriske ferjer på Festøya og Solavågen, kan det bli aktuelt med investeringar i nettet som kan samordnast med tiltak for å kunne knyte til meir planlagd produksjon i området Rjånes-Standal. Ei mogleg løysning kan vere å legge 22 kV sjøkabel frå Festøya til Solavågen slik at produksjonen kan mate nordover mot Sula transformatorstasjon. Ei slik løysning vil også kunne avlaste transformatoren i Haugen.

Kraftverkseigar må ta kontakt med Mørenett AS før investeringsvedtak blir tatt, slik at vi kan avklare nødvendige nettforsterkingar og fastsette tekniske- og økonomiske vilkår. Når dette er på plass kan kraftverkseigar inngå tilknytingsavtale med Mørenett AS der endelege nettinvesteringar og krav (tekniske og økonomiske) til kraftverkseigar vert fastsett.

Med helsing
Mørenett AS



Tone Sundklakk
Sivilingeniør Nettutvikling